

Næringsshagen i Ryfylke er kåra til vinnar av prisen Ryfylkeprofil 2025

Grunngjeving:

- Engasjert medspelar, som er til stades!

Slik kan me karakterisera vinnaren av prisen Ryfylkeprofil 2025.

Næringsshagen i Ryfylke er utviklar, pådrivar, innovatør og drivar i heile Ryfylke. Frå starten som Suldal Vekst i heimkommunen, har næringsshagen bana seg veg vidare i både Sauda og Hjelmeland, og rundt i heile Ryfylke.

Næringsshagen i Ryfylke er synleg. Deira medarbeidarar bidrar og får fortent skryt. Mange bedrifter har sett dagens lys, med hjelp frå næringsshagen. Andre har funne rett kurs i fellesskap med gjengen på Garaneset på Sand.

Ryfylkedagane, Møgedalsmarknaden, Ryfylkekonferanse, yrkes- og utdanningsmesse og ikkje minst Gladmat. Næringsshagen i Ryfylke trekkjer i mange trådar og nyter stor tillit og truverd.

Og kva seier dei sjølv:

Me meiner at eit aktivt næringsliv gir eit godt bygdeliv, og engasjerer oss i satsingar og aktivitetar som bidrar til dette.

Ryfylkealliansen er stolt av Næringsshagen i Ryfylke, som så tydeleg set Ryfylke på kartet, og som løfter fram moglegheiter og samarbeid i vår region.

Det er ei ære å få gje prisen Ryfylkeprofil 2025 til dagleg leiar Laila Steine og hennar medarbeidarar i Næringsshagen i Ryfylke.